

**REGULERINGSPLAN for  
Hyttfelt HOFFSLÅTTENE**  
Del av g.nr 17/3 og 17/4, GAULAR KOMMUNE

Bd 038 RN07

REGULERINGSFØRESEGNER

**Pgr.1**

1.1  
Det regulerte området er vist på reguleringsplanen med plangrense

**Pgr.2**

2.1  
Området er regulert til:

BYGGEOMRÅDE	- hytteformål
FELLESOMRÅDE	- felles køyretilkomst - felles parkeringsplass - fellesområde (leik, fritidsbruk)
SPELIALOMRÅDE	- friluftsområde
LANDBRUKSOMRÅDE	

**Pgr.3**

**3.1 Tomteutnytting m.m**

3.1.1  
Kvar hytte kan oppførast med eit bruksareal (BRA) på maks. 75 kvm. I tillegg kan oppførast ytterbod på inntil 10 kvm, anten i tilknytning til hytta, eller som frittliggande bygning.

3.1.2.  
På reg.planen er vist forslag til hytteplasseringar, der eit kryss markerer midten av bygningen. Men den endelege plasseringa, og storleik og møneretning for hyttene, vert å fastlegge i samband med byggemelding for kvart einskild prosjekt.

3.1.3.  
Innanfor reguleringsområdet skal ein ta vare på landskap/naturleg vegetasjon så langt det let seg gjere.

3.1.4.  
Hyttteeigarane må ha høve til å sette opp gjerde på avgrensa område av den totale tomta. Gjerdet må setjast opp slik at det ikkje kjem i konflikt med ålmenne interesser og ferdsel.

3.1.5.  
Det skal ikkje setjast opp bygg nærmare vass/elvekant enn 40 meter.

**3.2 Bygningsform**

3.2.1.  
Hyttene skal ha saltak – el. Liknande form for skråtak – med takvinkel min, 27 og maks. 40 gr. Møneretning skal vere parallell med lengderetninga på bygningen si hovudform.

3.2.2.

Hyttene kan oppførast med ein (1) normaletasje, med maks. breidde på 6,6 m brutto, og maks. mønehøgde (u. kant sperre) på 5,0 m.

### **3.3 Material- og fargebruk**

3.3.1.

Det kan ikkje nyttast utvendig kledning eller takteking som i material- eller fargebruk verkar dominerande (t.d. gjev signaleffekt) eller skjemma for omgjevnaden.

3.3.2.

Tak kan tekkast med torv. Alternativt kan godkjennast skifer, eller gråfarga betongstein eller papp.

3.3.3.

Utvendig kledning skal ha jordfarge. Med det meinast avdempa fargar i raudt, oker, brunt el. grått, -med metningsgrad mest mogeleg eins for heile feltet. Fargesetting skal oppgjevast ved byggemelding.

## **Pgr.4**

### **FELLESOMRÅDE**

#### **4.1 Tilkomst / parkering**

4.1.1.

Bilparkering skal skje på tilviste felles parkeringsplassar, som skal opparbeidast for å dekke 1 ½ bil pr. hytteeining.

## **Pgr.5**

### **ÅLMENT**

5.1.1.

Kommunen kan gjere mindre unntak frå denne utbyggingsplanen og føresegnene, innanfor rāmene som til einkvar tid er fastlagde i gjeldande plan- og bygningslov, vedtekter og føresegner.

Førde den 16.08.00 (rev.: 11.02.02)

KjM

Sande den 06.09.07 (rev.: 27.11.06)

ojs